

SANDVIKEN



Av Knut Raastad, skrivi i 2004

Sandviken gnr. 100 bnr. 1 er nørdeste garden i Nordherad. Tosten Håkenstad hadde ca. 1750 gjerda inn ei englykkje nord for Trælviken på 620 alen lang og 310 alen brei, d.v.s. 389 m x 195 m, dette var da 75 da. I 1756 vart det sak om dette, og i 1766 tapte Tosten Håkenstad ved dom retten til denne lykkja. I mellomtida, i 1759, hadde fogden gjeve bevilling til Peder Siversen på å rydde og bygge eit nytt skattebol. Peder var frå Grev, son til Syver Knutsen Grev f. 1685 og Sigrid Persdotter uppigard Lunde. Kjerringa til Tosten Håkenstad var også frå Lunde og såleis syskenbarn til Peder Sandviken, kanskje var det Tosten Håkenstad som hadde fått Peder til å starte rydding og busetjing. I 1800 er det oppgjeve at ryddinga av plassen starta for 60 år sidan. Før han kom til Sandviken var Peder husmann i Jakobstugu under Berge, han var gift med Marit Pålsdotter, og dei hadde barna

Sigrid f. 1748

Anne f. 1750

Siver f. 1753

Pål f. 1756

Hans 1764-1840, neste brukar

Knut f. 1768

Sandviken er ikkje nemnd i liste over husmannspenger til kyrkja i 1780, men er nemnd under prestgarden i 1805. Enkja Marit Paulsdotter selde og overskjøta i 1797 Sandviken for 18 rd, dette var da truleg til sonen Hans. I 1801 er Sandviken nemnd som rydningsplass og brukar er Hans Pedersen 1764-1840. Fogd Lyng nemner at Hans har kontrakt med almuen i Nordherad om bygsel med

48 skilling årleg avgift, fogden meinte at dette var urett og at staten var eigar. I 1812 vart det tinglese bygsel frå fogden til Hans Pedersen, han skal betale årleg 48 skilling i rydningsskatt til den kongelege kasse. Hans vart i 1797 gift med Imbjør Hansdatter 1770-1857, og dei hadde barna

Peder 1798-1872, neste brukar

Hans 1800-1828, gift 1823 med Jøda Eriksdotter Lundeejet 1798-1854, dei budde på Sandbueiet, medan ho var på Øiseie da ho døydde. Peder Hansen fekk kongeleg skjøte på Sandviken i 1839 for 70 Spd. Han vart i 1825 gift med Jøda Larsdotter Øyagarden 1801-1897, ho kunne vera frå Øyagarden, og det er vel gjennom dette Peder var eigarar av nordre Øyagarden. Men i 1838 selde Peder Hansen halvdelen av nordre Øyagarden, det var vel det som var att dei brukte som seter til Ivar Sandviken flytte dit ca. 1890.

Peder og Jøda hadde barna

Hans f. 1826, neste brukar

Lars 1828-1847

Marit 1833-1893, gift 1869 med Sjugurd søre Vetlsæter.

Marit hadde før ekteskapet dottera Embjørg f. 1859, faren var Ole Rasmussen Valdeie.

Embjørg er i folketellinga 1865 nemnd som busett i Sandviken, ho vart i 1882 gift med Baltser i midti-Vetlesæter.

Peder f. 1836, reiste til Målselv og seinare til USA

Knut f. 1844, i 1865 er han nemnd som skomaker, flytte til Målselv

Imbjør f. 1847, reiste til USA

Lars slo seg i hel da han datt utover eit berg ovanfor Sandviken med ei rot som hadde festa seg i kleda, dette skjedde 12.11.1847. Det vart ikkje likt seg i Sandviken etter dette, og dette skulle vera medverkande til at familien selde garden. Da Peder og Knut reiste til Nordland dreiv dei med snekkring om dagen før dei gjekk til Øyagarden, dagen etter gjekk ferda mot det ukjende.

I 1858 var det skjøte på Sandviken frå Peder Hansen til sonen Hans Pedersen på Sandviken og Øyagarden for 300 Spd. I 1865 var Hans Pedersen gardbrukar og sjølveigar i Sandviken, han reiste i 1869 til La Crosse i Wisconsin i USA. Hans vart i 1856 gift med Ragnhild Gunnarsdotter Vamsæter 1825-1864, dei hadde barna

Per 1856-1857

Ingebor f. 1858, til La Crosse, Wisconsin, USA i 1869

Rønnaug 1859-1860

Rønnaug f. 1860

Peder f. 1861, til La Crosse, Wisconsin, USA i 1869

Gunnar f. 1862, til La Crosse, Wisconsin, USA i 1869

Lars f. 1863, til La Crosse, Wisconsin, USA i 1869

Ola sygard Valde 1829-1880, ein av "Valdemålarane", kjøpte Sandviken med skjøte frå Hans Pedersen i 1869. Kjøpesummen var 750 Spd og inkluderte nordre Øyagarden. Ola var gift med Mari uppigard Viste 1834-1930. Mari vart i 1886 oppattgift med Ivar Barhaugen (Kongelhaugen), ho var 19 år gamlare enn han. Barna til Ola og Mari var

Ivar 1864-1944

Kari f. 1867 gift med svensken Lundquist

Guri f. 1872 gift med Jehans Grasdalen.

Ivar Sandviken vart i 1884 gift med Marit Nyrnes 1865-1905 og dei er nemnde som gardbrukarar i Nyrnes i 1886 og 1888. Ivar Sandviken var brukar i Sandviken, men det gjekk ut med han der og han flytte til setra på Øyagarden. Ivar og Marit hadde fem barn, dei tre eldste reiste til Amerika

Ola f. 1884

Anne f. 1886

Mari f. 1888

Otto f. 1893

Ragnhild f. 1901, gift med Kristian Visdal

Kristoffer Hansen 1858-1934 frå midti Vetlsæter kjøpte garden, auksjonsskjøte er frå 1889 og prisen var kr 1263,-. Kristoffer vart i 1886 gift med Mari Nyrnes 1863-1894, og i 1891 var dei nemnde som gardbrukarar i Nyrnes. Det ser ut til at Kristoffer har kjøpt garden på tvangsauksjon frå svogeren, men at det har gått ein del år før han har flytta til. Kristoffer og Mari hadde barna

Hans 1886-1968

Anne 1889-1895

Ole f. 1891, reiste til Amerika i 1910

Hans Sandviken fekk skjøte på garden i 1915, han var gift med Ragnhild Grevrusten 1897-1969. Barna deira var

Marie f.1918, gift med Kristian Dalen

Sverre 1920-1990

Eldrid f.1925

Ragna f. 1927

Eigar 1969-90 var Sverre Sandviken, og etter dette har son til Marie, Hans Arve Dalen vore eigar. Hans og Ragnhild var dei siste som budde i Sandviken, og jorda har sidan vore drivi i hop med Dalen. I 1800 var det 2 storfe og 6-8 småfe i Sandviken, og det vart sådd ½ tønne korn som gav 3 ½ tønne avling. I 1875 var det i Sandviken 1 hest, 1 ukse, 5 kyr, 3 kalvar, 23 sauer og 17 geit. Det vart sådd ¼ tønne rug, 2 ¼ tønner bygg, ¼ tønne erter, 5 tønner poteter og 1 tønne grasfrø. Det var både tenestekar og budeie i 1875.

Kjelder: P.Ø.Kvarberg 2000: Slechter i Vågå og Lom, s. 241

J.Kolden 2002: Bygdabok for Lom 2, s. 26 og 113

M.Høgåsen: Årbok for Gudbrandsdalen 1965:

Ulykker i Vågå .., s. 73

I.Kleiven 1907 (1944): I gamle Daagaa, s. 409-410

Norske gardsbruk 1953-1998

M.Lyng/G.Tank 1801/1923:

Beskrivelse usolgte almenninger .., s. 77

Folketellingar 1801, 1865, 1875, 1900

Panteregister/grunnbok

Utskrifter pantebok

Utskrifter kyrkjebok for Vågå

Liste over husmannspenger til kyrkja

Erland Grev: notat om sak mot Tosten Håkenstad

Anna Randen: munnleg meddelt